

# Årsplan

## Skjold barnehage

Barnehageåret 15/8-2022 til 14/8-2023



**VERA SAMAN OG BLI SETT**

God respons - Blikkontakt - Bevisst kroppsspråk

## **INNHOLD**

KONTAKT OSS .....	2
SATSINGSOMRÅDE .....	3
SAMARBEID .....	3
VISJON OG MÅL FOR SKJOLD BARNEHAGE .....	4
VERDIGRUNNLAG, FORMÅL OG INNHOLD I BARNEHAGEN .....	5
RAMMEPLANEN om verdigrunnlaget til barnehagen .....	6
RAMMEPLANEN om formål og innhold i barnehagen .....	6
PLANLEGGING OG MEDVERKNAD .....	8
VURDERING, OBSERVASJON OG DOKUMENTASJON .....	8
TRADISJONAR OG ÅRSHJUL .....	9
FAGOMRÅDE - PROGRESJON .....	11

## **KONTAKT OSS**

Styrar: Anne Grethe Gravdal, Tlf: 53 65 58 73 / 957 90 787

[anne.grethe.gravdal@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.grethe.gravdal@vindafjord.kommune.no)

Adresse: Vikanesvegen 18, 5574 SKJOLD

Ass styrar: Kirsten Hansen, Tlf: 53 65 58 70 / 481 53 250

## **KONTAKT AVDELINGANE**

<b>Rødhette</b>	<b>458 30 293</b>
<b>Askeladden</b>	<b>458 30 295</b>
<b>Bukkene Bruse</b>	<b>458 30 294</b>
<b>Solsikke</b>	<b>974 60 950</b>
<b>Marihøna</b>	<b>948 49 192</b>
<b>Sommarfugl</b>	<b>458 32 197</b>
<b>Kvitveis</b>	<b>482 85 815</b>
<b>Gullhår</b>	

**VELKOMMEN TIL SKJOLD BARNEHAGE!** - ein kommunal barnehage med åtte avdelingar. Den ligg fint til på Vikaneset, med eit stort og naturrikt uteområde. Open: 06.45-16.30, heile året unntatt veke 29 og 30, då er det sommarstengt.

## SATSINGSMÅRK

Året 2022-2023 har me ekstra fokus på nye viktige paragrafer i barnehaglova, § 41-43, under Psykososialt barnehagemiljø, om nulltoleranse mot krenkingar og forebyggande arbeid. Det er krav om at alle tilsette må gripa inn, dersom dei oppdagar mobbing og krenkingar. Desse endringane i lova skal sikra at barnet opplever barnehagen som ein trygg og god stad å vera. Barn kan oppleve mobbing i form av t.d. utestenging eller erting. Me må følgja med, og me må vera tydelege på kva som er lov og ikkje lov. Alle tilsette har ansvar for dette. Ser me noko som ikkje er greitt, då skal me gjera noko med det.



## SAMARBEID

**Foreldresamarbeidet:** Me har eit miljø med gjensidig respekt og anerkjenning for kvarandre, dette må me ta vare på. Foreldra skal vera trygge på at barna får god omsorg, at den enkelte blir sett og respektert, og at alle får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt. Dersom de foreldrene opplever og melder frå om at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø, er me plikta til å undersøkja dette. Jmf avsnitt ovanfor om satsingsmårk.

Som føresett får du tilgang til [MyKid](#) med mobilnr og passord. Det er her me gir informasjon viae-post/ SMS/ nyhetsbrev/ månadsplan, fotodeling, ppslagstavle, dagen min m.m. Me brukar MyKid til registrering av oppmøte, tellelister og sovelister.

Me jobbar tett saman med foreldre dersom det er tiltak rundt eit barn. Kommunen har vedtatt ein samhandlingsmodell, **BTI** (Betre tverrfagleg innsats), som skal hjelpe oss å førebyggja og avdekka vanskar tidleg. Her er tanken at foreldre alltid skal vera ein del av løysinga på ein utfordring. I kommunikasjonen mellom barnehagen og foreldra, blir det då brukt ein elektronisk **stafettlogg** som eit viktig samhandlingsverktøy.

Foreldre har rett til medverknad etter barnehagelova:

- **Foreldrerådet:** som forelder er du automatisk med i Foreldrerådet når barnet ditt har plass i barnehagen.
- **Samarbeidsutvalet (SU)** består av foreldre og tilsette i barnehagen. Kvar gruppe er likt representert. SU er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- **Foreldresamtalar:** de blir inviterte til individuelle samtalar haust og vår. De er ikkje pålagde å møta, men me ønskjer minst ein samtale i løpet av barnehageåret. Dette er ein samtale om det enkelte barnet sin trivsel og utvikling.

**Samarbeid med andre:** Barnehagen samarbeidar også t.d. med helsestasjonen, PPT (Pedagogisk psykologisk tjeneste), barnevernet, barne- og familierettleiar, BUP (barne- og ungdomspsykiatrisk avd. i Haugesund), samt skular og høgskular.

## VISJON OG MÅL FOR SKJOLD BARNEHAGE

Me jobbar etter desse kjerneelementa: \* Autoritative vaksne \* Kommunikasjon og perspektivtaking \* Tidleg innsats \* Handtering av utfordrande åtferd \* Organisasjonsutvikling, innovasjon og implementering.

**Mål for Skjold barnehage:** «*Me er varme og tydelege vaksne for barna, og me set grenser på ein varm og god måte*». Dette målet skal visa igjen i **vår visjon**:

# VERA SAMAN OG BLI SETT

**God respons - Blikkontakt - Bevisst kroppsspråk**

**Vera saman:** Alle tilsette gjer sitt for at barna skal få oppleva tryggleik og god omsorg. Alle får vera med i leike- og aktivitetsgrupper.

**Bli sett:** Vaksne har fokus på barna. Barna har rett til å påverka sin kvardag. Alle tilsette skal sjå og speglia kvart enkelt barn. Barna får god respons, der vaksne forklarar, repeterer, spør. Dei får blikkontakt og blir møtt med anerkjenning og respekt. Alle tilsette er bevisste på eige kroppsspråk, og må prøvar å finna ut kva barna vil og korleis dei har det, for barn har også kroppsspråk.

**Vaksne er varme og tydelege vaksne:** me set grenser på ein varm og god måte. Det er viktig å skapa gode relasjonar for å kunna setja grenser for barna.



## STYRINGSDOCUMENT FOR BARNEHAGEN

Lov om barnehager og Rammeplan for barnehagen (forskrift til lova)

Vedtekter for barnehagen, vadtatt av Kommunestyret ([Vedtekter](#))

Årsplan for Skjold barnehage (godkjend av SU): Alle barnehagar er pålagt å skriva ein årsplan, der det skal koma fram korleis dei jobbar med områda frå Rammeplanen.

## VERDIGRUNNLAG, FORMÅL OG INNHOLD I BARNEHAGEN

Samfunnsmandatet til barnehagen, i samarbeid og forståing med heimen, er å ivareta barna

sitt behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for ei allsidig

utvikling. **Det viktigaste hjå oss er at barna får oppleva å få god omsorg og bli trygge.** Me

ønskjer å skapa gode relasjoner oss imellom, og me har dyktige og engasjerte tilsette, som er flinke til å skapa tryggleik og visa omsorg. Me vil visa interesse og engasjement, me vil visa at me bryr oss, og me vil setja grenser på ein god måte.

Me har erfart at om me kan ha grupper med færre barn, blir det enklare å ha ein god dialog og sikra at alle blir sett og inkludert. Difor jobbar me ofte i grupper, særleg på Storbarnsavd. Elles er me gode på å vera mykje ute, på tur, i aktivitet og leik. Leik har ein stor verdi i seg sjølv, og me jobbar aktivt med å få alle inkludert i leiken.

### Sjå i RAMMEPLANEN om verdigrunnlaget til barnehagen

Her står det utfyllande om Barn og barndom, Demokrati, Mangfald og gjensidig respekt, Likestilling og likeverd, Berekraftig utvikling og Livsmeistring og helse.

### Sjå i RAMMEPLANEN om formål og innhold i barnehagen

Her står det utfyllande om Omsorg, Leik, Danning, Læring, Vennskap og fellesskap, Kommunikasjon og språk. Det er dette me jobbar med i tema og grupper, og som de finn igjen i våre veke- /månadsplanar.

**Det aller viktigaste for oss i Skjold barnehage, er at alle barn skal bli møtt med god omsorg, bli sett og hørt, forstått og respektert.** Barna skal bli trygge i barnehagen. Tilsette skal hjelpe barna i å utvikla empati og glede over å kunna hjelpe og ta del.

**Leik** legg grunnlag for vennskap og utvikling av språk og sosial kompetanse. Me har fokus på at alle skal få bli med i leiken, og at nokre barn treng å lære leikestrategiar.

**Læring og danning:** Barna må få oppleva progresjon i innhaldet i barnehagen, meistring og medverknad. Tilsette skal hjelpe barna i å få eit godt sjølvbilete. Barna skal få bruka alle sansar og heile kroppen i læreprosessane. Det er viktig å få prøva sjølv! Dei skal få erfaring med ulike og allsidige arbeidsmåtar. Markerer høgtider og tradisjonar. Øver dagleg på vanleg «folkeskikk».

Barnehagen er ein god arena for barn å tileigna seg **sosial kompetanse**, og det er ofte tema hjå oss: vennskap, kunna venta på tur og dela, visa empati, sjølvhevding og sjølvkontroll. Barna treng hjelp til å forstå verda rundt seg, og til å bli kjende med følelsar hjå seg og andre.

**Språk** har me stort fokus på. Samtalene er viktig, og gir god stimuli til tanken. Me nyttar kvardagen til språktrening, og me har ein del verktøy me kan nytta oss av. Bl.a. brukast ofte konkreter i samling og når me fortel eventyr. Skriftspråket får barna møta med ved at me brukar namnelappar, heng opp bokstavar og andre symbol, merkar leikekassar m.m.

**Uteliv:** Alle barna får vera ute ute året rundt. Me har eit kjekt uteområde å leika på. Me går ofte tur også, særleg dei eldste, for å bli glade i naturen og nærmiljøet, lengre turar etter kvart.




**Nærmiljø og samfunn:** Barn som startar i barnehagen må først bli kjende med det nære: sin avdeling og rutinane der, barnehagen og uteområdet. Me har fokus på at gutter og jenter skal få dei same tilboda og mulighetene, og at kvart barn skal bli sett og høyrd, og få oppleva medverknad i kvardagen.



## PLANLEGGING OG MEDVERKNAD

Det er viktig å ha gode planar, men like viktig å ha endringsvilje og fleksibilitet. Spontanitet og barns medverknad kan fort føra til endringar undervegs. Barna er «her-og-nå».



## VURDERING, OBSERVASJON OG DOKUMENTASJON

Barnehagen er ein lærande organisasjon, med rutinar og metodar for å skapa fornying og betring av eigen praksis. Me skal regelmessig vurdera det pedagogiske arbeidet, og det skjer både uformelt, fortløpende, og meir formelt, i leik, aktivitetar og kvardagssituasjonar, på avdelings- og pedagogmøte, foreldreråd og SU.

I formell vurdering brukar me verktøyet «Pedagogisk analyse». Me drøftar oss fram til kva som er oppretthaldande faktorar til den utfordringa me har. Deretter utviklar me og prøver ut tiltak, som skal evaluerast etter ei viss tid, sjå modell:



Me observerer barna fortløpende, og er merksame på korleis dei trivest. Slik kan me leggja planar tilpassa gruppa, og sørga for progresjon for det enkelte barnet.

Dei kommunale barnehagane er pålagt å bruka følgjande kartleggingsskjema: **TRAS** (Tidleg registrering av språk), **ALLE MED** (viser barns utvikling på ulike område, språk og sosialt) og **BEGREPSFORSTÅELSE**. De foreldre blir bedne om å gi oss løyve til å nytta desse skjema.

Dokumentasjon synleggjer korleis me arbeider for å oppfylla krava i lov og rammeplan. Me skriv månadsplanar og legg ut foto på MyKid, og me heng opp biletar og produkt. Eit etisk perspektiv er viktig å leggja til grunn når me dokumenterer.

## TRADISJONAR OG ÅRSHJUL

*Ikkje alle har full plass i barnehagen, og då er det slik at dersom eit arrangement fell på ein dag eit barn har fridag, så får ikkje barnet dette tilbodet (t.d. Lucia, Karneval e.l.).*

*Unntak: a) alle barna får vera med på Besøksdag for besteforeldre og Foreldrebesøk på Barnehagedagen, b) alle barna som skal over på Storbarnsavd. får vera med på avslutningsfest på Småbarnsavd., og c) alle førskulebarna får vera med på Eventyrfesten.*

- **Bursdagsfeiring:** bursdagsbarnet er i fokus i samlingsstunda. Stor stas å feira bursdag!
- **Leikeveke:** me har ei leikeveke kvar månad på Storbarnsavdeling. Då kan barnet ta med ei leike heimanfrå på eige ansvar. Les «Informasjon om Leikeveke» på MyKid.
- **Sykkelfri dag:** ein dag i veka er sett av til annleis og kreativ leik på Storbarnsavdelingane.
- **Foreldremøte:** eit i sept.-okt. og eit om våren, då med eit tema.
- **Besøksdag** i oktober, for besteforeldre, der barna får visa avd. sin (*for alle barna*)!
- **Adventstida:** me har felles adventsamlingar, markering av Luciadagen. Førskulegruppa går i tog til alle avdelingane. Nissefest med graut. Førskulegr. har julevandring i kyrkja.
- **Samane:** Alle barna har samane som tema og nasjonaldagen til samane blir markert.
- **Karneval** blir feira ein dag i februar, kan vera ulik dato for storbarns- og småbarnsavd.
- **Foreldrebesøk på Barnehagedagen:** ein dag i mars blir den nasjonale Barnehagedagen markert, nytt tema kvart år (*for alle barna*)!
- **Påske:** me har påskelunsj for alle. Påskeharen pleier å besøkja barnehagen ein dag. Førskulegr. har påskevandring i kyrkja.
- **17.mai:** me øver oss til 17.mai med tog og utedag. Barna er med på å rydda og pynta i og rundt barnehagen i forkant.
- **Sykkeldagar:** Førskulegruppa får to sykkeldagar på våren. Dei kan ha med tohjulssyklar og hjelm, og syklar ute i merka løype. Då har dei òg teori om trafikkreglane.
- **Overgangstrening** startar i mai for dei barna på Småbarnsavdelingane som skal begynna på Storbarnsavdeling frå hausten.
- **Avslutningsfestar:** Eventyrfest er for barna i førskulegruppa ein junikveld. Småbarnsavd. har ein avslutningsfest for dei alle barna som skal over på Storbarnsavd.
- **Overgangsmøte** i barnehagen for overføring av informasjon om dei som skal starta på stor avdeling, og møte saman med lærar for dei som skal over til skulen.  
Me må ha samtykke frå foreldra for å dela opplysingar om enkeltbarn. (*Kommunen har laga ein plan for overgang mellom barnehage og skule. Rektor og styrar er ansvarlege*)
- **Besøk til skulen om våren** for Førskulegruppa er spanande, og læraren blir invitert til å komma på besøk til oss. Elles går me ofte på tur og leikar på til skulen sitt uteområde.

## FAGOMRÅDE - PROGRESJON

Rammeplanen deler innhaldet i barnehagen inn i sju fagområde, som seier kva barna skal oppleva og kva personalet skal arbeida med. Det er: Kommunikasjon, språk og tekst \* Kropp, rørsle, mat og helse \* Kunst, kultur og kreativitet \* Natur, miljø og teknologi \* Mengd, rom og form \* Etikk, religion og filosofi \* Nærmiljø og samfunn (les meir i [Rammeplanen](#)).



Progresjon tyder at barna skal få utfordringar tilpassa deira erfaringar, interesser, kunnskap og ferdigheiter, og naturleg progresjon legg me til rette for gjennom å:

- følgja opp og utvida det barnet er opptatt av
- gi barna opplevingar som gir meistring, og samtidig tilby dei noko å strekkja seg etter
- leggja lagt til rette for fordjuping, repetisjon og gjenkjenning i innhald og arbeidsmåtar
- bevisst bruk av material, bøker, leiker, verktøy og utstyr

### Mest for 1-2 åringane

Me set ord på handlingar og det me ser rundt oss. Gjentar og repeterer ord og omgrep Peikebøker og biletbøker. Enkle songar, gjerne med rørsle, eventyr, regler.

Barna får fysiske utfordringar inne / ute. Leik og aktivitet med ulike sanseøvingar. Tilbyr ei roleg stund òg for dei som ikkje sov. Øver på gode rutinar (handvask og dobesøk). Tema om kropp: auge, nase, munn, fingre, tær. Brukar rim og reglar, og songar med rørsle. Fokus på sunt kosthald og at måltidet skal vera ei god oppleving.

Barna får bruka sansane (sjå, føla, lytta, smaka). Blir kjent med fargane. Får estetiske opplevingar gjennom song, musikk, dans og teater. Har fellessamlingar. Bruker ulike musikk- og rytmeinstrument. Ser på prosessen som viktigare enn produktet.

Barna får læra om husdyr, kjæledyr, ville dyr. Får kjennskap til ulike kjøretøy

Barna møter enkle begrep: stor –liten, ein –mange, først –sist. Øver på å telja konkreter. Øver på enkle puslespel.

Øver på å dela, venta på tur, og setja ord på følelsar

Bli trygge og kjende med rutinane. Turar i nærmiljøet.

### Mest for 3-4 åringane

Me set ord på tankar, behov og følelsar. Snakkar med barna, stiller spørsmål. Bøker med meir tekst. Songar med fleire vers. Leik med språket, rimord og tulleord. Barna møter symbol, tal og bokstavar på avdelinga.

Barna får øva på fin- og grovmotorikk. Turar i nærleiken og lengre turar. Barna hjelper til med å laga mat, fokus på sunn mat. Øver seg på å klara seg sjølv, få gode rutinar med toalettbesøk, handvask.

Barna får teikna, mala og forma, prøva ut og eksperimentera med ulikt materiell. Har samling og fellessamling med song, musikk, instrument, eventyr. Utfaldar seg gjennom dans, song og musikk.

Me brukar naturmateriell i forming. Har årstider som tema. Går på handletur til drivhusa.

Får erfaring med fleire matematiske begrep, motsetnader, grunnformer og fargar. Øver på å byggja, setja i rekke, sortera. Øver på tal og teljing. Brukar spel, puslespel og verktøy som Snakkepakken og Mattepakkene.

Øver på vennskap, kunna hjelpe, sjølvkjensle, empati og sjølvkontroll. Har tema følelsar og korleis me er mot kvarandre

Bli kjende med norske tradisjonar og med bygda vår. Læra om ulike yrke. Har rollelek: familie, doktor, butikk, brannstasjon og politistasjon. Bli kjende med ulike familieformer og minoritetar som er representerte i barnehagen.

### Mest for førskulebarna

Me les tekstu. Øver på å kunna gjenfortelja noko frå eventyr/ bok. Øver på å kunna skriva namnet sitt, kjenna igjen lydar og rytme i språket, orddeling, og tal stavingar i ord. Tekstskaping, t.d. tankekart, skriva ned ting me har gjort, laga fortelling.

Øver på regelleik, ringleik, hoppa tau og strikk, risikofylt leik under trygge forhold, lengre turar. Øver på å klippa, blyantgrep og pinsettgrep. Grensesetjing for eigen kropp. Ein bestemmer sjølv over eigen kropp! Øver på kva er rette klede til rett årstid.

Får erfaringar med ulike teknikkar og reiskap. Lærer songar, eventyr, rim og reglar, også fortellingar frå andre land. Blir kjende med musikkinstrument. Møter ulike musikksjangrar. Får vera med på Julevandring og Påskevandring i kyrkja.

Blir meir kjende med endringane i årstidene, blomar, fuglar, insekt og dyr. Får kjennskap til IKT. Har tema kjeldesortering, og kvifor det er viktig å ta vare på naturen. Får erfaring med teknologi (konstruksjonsleik).

Møter begrep som skil mellom storleik, t.d. større enn, mindre enn, midt imellom. Øver på preposisjonar, på mål, vekt og tid. Øver på å byggja, sortera og klassifisera, mønster og samanlikning.

Lærer om kvifor me feirar høgtidene våre. Har tema filosofi, me nyttar verktøy som «Hei», «Grøne tankar – glade barn» etc). Øver på å løysa konfliktar og utfordringar på eiga hand.

Læra at Skjold er ei bygd i Vindafjord, i landet vårt Noreg. Læra om samane og deira levesett. Leggja til rette for ein god overgang til skulen

## VERA SAMAN OG BLI SETT

